

## Møte nr. 4-2012

### Kontrollutvalet i Klepp INNKALLES TIL MØTE 06. september 2012 kl. 16.00 i Formannskapssalen

#### SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og sakliste

- 21/12 [Godkjenning av protokoll frå møte 14.06.2012](#)
- 22/12 [Oppfølging av revisors merknader i revisjonsrapport vedr. årsoppgjøret for 2011](#)
- 23/12 [Kontrollutvalets oppgaver og ansvarsområde - forvaltningsrevisjon](#)
- 24/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - presentasjon av overordna analyse](#)
- 25/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - kontrollutvalets prioriteringar](#)
- 26/12 [Revisors uavhengighetserklæring 2012](#)
- 27/12 [Budsjett for kontroll og tilsyn 2013. Kontrollutvalets budsjettframleg](#)
- 28/12 [Plan for selskapskontroll](#)
- 29/12 [Forslag til møteplan for 2013](#)
- 30/12 [Statusoversikt pr. september 2012](#)

#### EVENTUELT

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51336590, som sms til mobil tlf. 98806776 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka (*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe, 29.08.2012

Arild Børge Skjæveland  
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen  
Sekretariatet

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 21 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.06.2012**

Viser til vedlagte protokoll frå kontrollutvalets møte den 14. juni 2012.

Forslag til

**VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet den 14. juni 2012.](#)

SANDNES, 25/8-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:  
[Protokoll](#)

[Tilbake til innkalling](#)

Arkivsak : 200800196  
Arkivkode : E: 210  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 22 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

## **OPPFØLGING AV REVISORS MERKNADER I REVISJONSRAPPORT VEDR. ÅRSOPPGJØRET FOR 2011**

I samband med behandling av årsmelding og rekneskap for Klepp kommune for 2011 vart det på kontrollutvalet sitt møte den 19.04.12 fatta følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til den framlagde årsrekneskapen ut over det som går fram av revisors revisjonsrapport og revisjonsmelding.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 6. september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jfr. § 8 i "Forskrift om kontrollutvalg".

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå kommuneadministrasjonen v/økonomisjefen på desse merknadene, sjå vedlegg. Kort oppsummert gir rådmannen slik tilbakemelding:

#### *Skilet mellom drift og investering*

Kommunen er klar over reglene som omtaler skilet mellom drift og investering. Temaet er også omtalt i rådmannen si tilbakemelding på revisjonsrapporter for åra 2007, 2009 og 2010. Problemstillinga blir vurdert når budsjettet for kommunen blir lagt, slik revisjonen anbefaler.

#### *Meirverdiavgiftskompensasjon*

I svar på revisjonsrapport frå rekneskap 2010 er det sagt at kommunen har bede økonomi-teamet om å etablere stikkprøvekontrollar. Dette blei gjort første del av 2011, men det viste seg at det framleis var ein del feil på kompensasjonskravet. For å skjerpa inn denne kontrollen ytterligare er det nå gitt "oppskrift" til etatane på kva denne kontrollen skal innehalda, sjå vedlegget.

#### *Attestasjon av tilskuddsordning for særleg resurskrevjande brukarar*

Rådmannen peiker på at staten har endra reglane for dette kravet svært ofte. Skriv om årets reglar kjem i slutten av januar, dvs. at reglar for krav 2011 kom i slutten av januar 2012, i den travlaste årsavslutningstida.

For å betra framlegging av dette kravet er det for det nye året dedikert ein ekstra person i dette arbeidet. Rådmannen meiner dette kan retta på feil i framlegging av kravet for neste år.

### **Andre attestasjonar**

Rådmannen gir tilbakemelding om at det nå er utarbeida rutinar for slike krav. Rådmannen vil innskjerpa dei interne rutinane. Det er i følgje rådmannen avgjørande at nødvendig informasjon og opplæring blir gitt – til prosjektleiarar og øvrige ledd i systemet.

Økonomiteamet er pålagt å skaffa seg oversikt over slike tilskot og ha kontroll med det som blir rapportert.

## **Finansreglementet**

Spørsmålet om overskriding av maks investeringsramme i ulike risikoklasser blei tatt opp av revisjonen første gang i forrige revisjonsrapport (for 2010). I rådmannen sitt tilsvar for 2010 er det påpeikt at botet på reglementet er av midlertidig karakter. Det handlar i følgje rådmannen om ein kontrollert tilpassing og overgang til det nye reglementet frå 2010 – utan å risikere overkurs og økonomisk tap. Sparebank 1-SR Forvaltning har etter avtale med rådmannen jobba med saka gjennom 2011, noko revisjonen er gjort kjend med i tidlegare tilsvar. Det vert vist til vedlegget for oversikt rapportert status innan dei enkelte risikoklassar.

Dette er som nemnt bare ein kortversjon av rådmannens tilbakemelding. Det vert vist til vedlegget for ytterlegare utdjuping av dei enkelte områda. Økonomisjefen er invitert til møtet for å svara på spørsmål frå utvalet og utdjupa nærare om det er ønskjeleg. Det er leiar rekneskap/lønn Torhild Harberg som møter for økonomisjefen denne gongen.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar administrasjonens tilbakemelding på oppfølging av revisors merknader i revisjonsrapporten for 2011 til etterretning.**

SANDNES, 28.08.2012

Wencke S. Olsen  
Skr.leder

Vedlegg:  
Brev av 17.08.2012

[Tilbake til innkalling](#)



Kontrollutvalet

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
12/15-14	20083/12	210	SEN/ØKO/VJ	

## **REVISJONSRAPPORT NR. 10 - 2011**

I sak 9/12 Årsmelding og årsrekeskap 2011 gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak:

*”2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 6.september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jfr.§ 8 i Forskrift om kontrollutvalg. ”*

### **Skillet mellom drift og investering**

Kommunen er klar over reglene som omtaler skillet mellom drift og investering. Temaet er også omtalt i rådmannen si tilbakemelding på revisjonsrapporter for åra 2007, 2009 og 2010. Problemstillinga blir vurdert når budsjettet for kommunen blir lagt, slik revisjonen anbefalar.

### **Meirverdiavgiftskompensasjon**

I svar på revisjonsrapport frå rekneskap 2010 er det sagt at kommunen har bede økonomi-teamet om å etablere stikkprøvekontroller. Dette blei gjort første del av 2011, men det viste seg at det fortsatt var ein del feil på kompensasjonskravet.

For å skjerpa inn denne kontrollen ytterligare er det nå gitt ”oppskrift” til etatane på kva denne kontrollen skal innehalda.

Før kompensasjonskravet skal kontrollerast av revisor, blir det sendt ut melding frå økonomi-avdelinga til etatane sine økonomikonsulenter om at det er tid for kontroll. Det er forskjell frå etat til etat på kven som gjennomfører denne kontrollen, men økonomikonsulentane har ansvaret for at den blir gjennomført. Det skal nyttast ein rapport i økonomisystemet som viser alle posteringar med momskompensasjon som er ført i den aktuelle perioden, slik den gitte ”oppskrifta” seier, og deretter retting av eventuelle feil som blir oppdaga.

Rådmannen meiner at dette vil bidra til mindre feil i mva-kompensasjonskrava.

## Attestasjon av tilskuddsordning for særleg resurskrevjande brukarar

Staten har endra reglane for dette kravet svært ofte. Skriv om årets reglar kjem i slutten av januar, dvs. at reglar for krav 2011 kom i slutten av januar 2012, i den travlaste årsavslutningstida.

Det kreves mykje resursar å få fram dei rette tala. Kommunen har laga rutinar og rekneark for dette på førehand. Desse må som oftast endrast på grunn av endring i reglane for tildeling.

For å betra framlegging av dette kravet er det for det nye året dedikert ein ekstra person i dette arbeidet. Rådmannen meiner dette kan retta på feil i framlegging av kravet for neste år.

## Andre attestasjonar

Det er utarbeida rutiner for slike krav. Det som til tider kan gjere dokumentasjonen vanskelig og utilstrekkelig, er at prosjekter/tilskot som skal dokumenterast og underskrivast av revisor blir satt i gang uten eigne merkingar (prosjektnummer) av dette i rekneskapen, eller at den som konterer og anviser reknings og lønn ikkje veit at dette skal merkast. Rådmannen vil innskjerpe de interne rutineene. Det er avgjørende at nødvendig informasjon og opplæring blir gitt – til prosjektleiarar og øvrige ledd i systemet.

Økonomiteamet er pålagt å skaffa seg oversikt over slike tilskot og ha kontroll med det som blir rapportert.

## Finansreglementet

Spørsmålet om overskriding av maks investeringsramme i ulike risikoklasser blei tatt opp av revisjonen første gang i forrige revisjonsrapport (for 2010). I rådmannen sitt tilsvaer for 2010 er det påpeikt at bruddet på reglementet er av midlertidig karakter. Det handler om ein kontrollert tilpassing og overgang til det nye reglementet fra 2010 – utan å risikere overkurs og økonomisk tap. Sparebank 1-SR Forvaltning har etter avtale med rådmannen jobbet med saka gjennom 2011, noko revisjonen er gjort kjend med i tidlegare tilsvaer.

Rundt årsskiftet 2011/ 2012 blei dei første verdipapirtransaksjonane gjennomført, og ved utgangen av februar 2012 var dei mest sentrale delane av risikotilpassinga gjennomført. Pr. 1.tertial 2012 er det rapportert til kommunestyret følgjande status:

Risikoklasser	Minimum	Normal	Maksimum	Portefølje SR-F pr.30.04.2012	Portefølje pr. 31.12.2011
1	10 %	10 %	100 %	5 %	39 %
2	20 %	60 %	80 %	72 %	24%
3	0 %	10 %	20 %	0 %	0 %
4	0 %	10 %	20 %	19 %	32%
5	5 %	10 %	20 %	1 %	0 %
6	0 %	0 %	5 %	3%	5 %

Klepp kommune, 17.08.2012

Kåre Strand  
rådmann

[Tilbake til innkalling](#)

Viggo Johansen  
økonomisjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Kopi til:

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 23 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDE -  
FORVALTNINGSREVISJON**

**Bakgrunn:**

I forbindelse med opplæring av det nyvalde kontrollutvalet, vedtok utvalet på første møte at at utvalet m.a. skulle ha ein gjennomgang av temaet ”Forvaltningsrevisjon”.

**Saksutredning:**

Årleg forvaltningsrevisjon har vore ei lovpålagt oppgåve for kontrollutvalet sidan 2004.

Revisor vil gjennomgå kva ein forvaltningsrevisjon er, korleis den vert gjennomført og elles koma med nyttige tips for kontrollutvalet.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar revisors gjennomgang av temaet ”Forvaltningsrevisjon” til orientering.

SANDNES, 18/8-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake til innkalling](#)



Arkivsak : 200800159  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 24 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

## **NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - PRESENTASJON AV OVERORDNA ANALYSE**

### **Bakgrunn:**

I sammenheng med opplæringa der temaet i dette møtet er forvaltningsrevisjon, vil revisor som en del av gjennomgangen og presentere den overordna analysen. Analysen vart bestilt av det førre kontrollutvalet, og skal vera bakgrunn for utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon

### **Saksutredning:**

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeida ein overordna analyse som eit ledd i utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon. Den overordna analysen skal gi risiko- og vesentlegheits- vurderingar av kommunen si verksemd, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike sektorar og verksemdar.

I tillegg til den overordna analysen har kontrollutvalet og innhenta informasjon frå kommunens administrasjon, politisk leiinga, revisor, sekretariat og ikkje minst egne erfaringar gjennom risikospelet som er gjort tidlegare.

Analysen er bakgrunnsmateriale som utvalet skal ha med seg i det vidare arbeidet, og kan brukast når kontrollutvalet skal prioritera prosjekt til den nye planen. Analysen vert og eit vedlegg til denne planen.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tek presentasjonen av overordna analyse til orientering.**

SANDNES, 27. august 2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:  
Overordna analyse 2012-2015

[Tilbake til innkalling](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800159  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 25 /2012
--	-------------------------------	-----------------------------------

## **NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - KONTROLLUTVALETS PRIORITERINGAR**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet vil på dette møtet få informasjon frå revisor om gjennomføring av forvatlningsrevisjon og om overordna analyse av Klepp kommune.

I fortsetjinga av desse orienteringane skal kontrollutvalet i samarbeid med revisor velja ut dei mest aktuelle prosjekta for forvaltningsrevisjon i den kommande planen. Desse 3 sakene går derfor inn i kvarandre.

### **Saksutredning:**

Basert på dei opplysningane revisor har fått, har revisor oppsummert desse i ein risikomatrise som viser kor risikoområda finst. På bakgrunn av dette har revisor sett opp ei uprioritert liste over mulige tema for forvaltningsrevisjon på slutten av dokumentet. Dette er prosjekt som kontrollutvalet skal prioritera, ev med andre prosjektinnspel som revisor kan koma med i møtet.

Sekretariatet vil innarbeida dei prioriterte prosjekta i planen, som deretter kan vidaresendast kommunestyret for godkjenning.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saka<sup>1</sup>.

Forslag til

### **VEDTAK:**

Kommunestyret i Klepp vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet mynde til å oppdatera/justera planen i perioden dersom det vert behov for det.

SANDNES, 29/8-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

### Vedlegg:

Plan for forvaltningsrevisjon, utkast

[Tilbake til innkalling](#)

---

<sup>1</sup> Jfr. Kontrollutvalsboka s. 24



**Klepp kommune**

# Plan for forvaltnings- revisjon 2012 - 2015



**Vedtatt av kommunestyret i Klepp xx.xx.2012**

## INNHALD:

1. INNLEIING	2
2. AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON	
2.1    Kommunens verksemd	
2.2    Kommunalt heileigde selskap	
3. RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERINGAR	3
3.1    Metode for risikoidentifikasjon	
4. RESULTAT AV OVERORDNA ANALYSE AV KLEPP KOMMUNE	4
Gruppe 1	5
Gruppe 2	5
5. RAPPORTERING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	
6. OPPFØLGING AV VEDTEKNE FORVALTNINGSREVISJONAR	
7. RULLERING AV PLANEN	

Vedlegg:

## 1. INNLEIING

I tråd med Forskrift om kontrollutvalg, § 10, skal kontrollutvalet utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode. Planen skal baserast på ein overordna analyse av kommunens verksemd og skal vedtas av kommunestyret.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er derfor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøva ein mest mulig målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen. Kontrollutvalet vil ha planen til fortløpande vurdering og gi tilbakemelding til kommunestyret dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å fråvika planen..

Plan for forvaltningsrevisjon bygger på ein overordna analyse av verksemda i Klepp kommune ut frå ei risiko- og vesentlighetsvurdering. Denne analysen er utarbeidd av kommunens revisor, og er eit vedlegg til planen.

Formålet er å bidra til at Klepp kommune driv si verksemd etter gjeldande lover og føresegn, og oppnår dei målsettingane som kommunen har sett for si verksemd i vedtekne planar, budsjett, årsmeldingar og øvrige politiske vedtak.

## 2. AKUTELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

### 2.1 Kommunens verksemd

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige forhold og eksterne føresetnader knytt til økonomi, statlige føringar og krav m.v. vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setta inn ressursar til forvaltningsrevisjon. Denne planen er derfor utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i kommande 4-årsperiode, men med ei gjennomgang etter 2 år for mulig rullering..

Prosjekta som vert trekt fram her er fleire enn det som er realistisk å gjennomføra i løpet av perioden.. Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å foreta nødvendige og grunngitte endringar frå prioriteringane i planen. Det er av budsjettmessige grunner ikkje realistisk å få gjennomført meir enn 4-5 prosjekt i denne planperioden.

## 2.2 Kommunalt heileigde selskap

Gjennomføring av ein avgrensa forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap er eit valfritt alternativ dersom selskapet (IKS eller AS) er heileigd av kommunane, jfr. Kommunelovens § 80. Dette kan vera aktuelt dersom funn frå obligatorisk eigarskapskontroll knytt til gjennomført selskapskontroll, tips eller politiske vedtak/føringar viser at det er forhold som kontrollutvalet meiner bør bli nærare undersøkt. Dette vil stort sett skje i samarbeid med evt. øvrige eigarar, bortsett frå i selskap som er heileigde av Klepp kommune. Det vert her vist til eigen Plan for selskapskontroll.


## 3. RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERINGAR

### 3.1 Metode for risikoidentifikasjon

Følgjande teknikk er brukt for å samla inn data som er brukt i analysen:

- Dokumentanalyse av sentrale styringsdokument i Klepp kommune
- Prosess i kontrollutvalet
- Tilbakemelding til kontrollutvalet frå administrasjonssjefen
- Analyse av kvantitative og kvalitative data

Som eit ledd i den overordna analysen har kontrollutvalet fått presentert eit grunnlag for å vurdere relevante prosjekt. Etter å ha peika ut område der det er risiko for vesentlige avvik i forhold til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for kommunen, har kontrollutvalet vurdert grad av vesentlighet ved å vurdere potensiell risiko i forhold til sannsynlighet og konsekvens.



## 4. RESULTAT AV OVERORDNA ANALYSE AV KLEPP KOMMUNE

Den overordna analysen er gjennomført av kommunens revisor; Deloitte AS i samarbeid med kontrollutvalet.

På bakgrunn av risikokartlegging gjennomført i kontrollutvalet, vart områda som er nemnt nedafør identifisert som aktuelle prosjekt. Under kvart prosjekt er det foreslått relevante område i tråd med den analysen som har vært gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einssilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt, og i tråd med kontrollutvalets til ei kvar tid tilgjengelige budsjettmidlar.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper. I gruppe 1 er dei fem prosjekta som kontroll-utvalet ønskjer å prioritera neste periode. Sannsynlegvis vil den prioriterte lista dekkja behovet for forvaltningsrevisjonar i løpet av perioden. Ved ytterligere behov vil kontrollutvalet kunne velja frå gruppe 2.

### Prioriteringar av forvaltningsrevisjonsprosjekt for perioden 2012 - 2015

#### GRUPPE 1

Prioritet	Prosjekt
1	•
2	
3	
4	
5	

#### GRUPPE 2

Prioritet	Prosjekt
1	
2	
3	
4	
5	

*Kontrollutvalets budsjett tilseier at det vert gjennomført eitt til to prosjekt årlig i planperioden.*

Sjå og pkt. 7 om oppdatering/rullering av planen.

## **5. RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGS-REVISJON**

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor meddela kontrollutvalet resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon i form av ein utarbeidd rapport. Vidare er kontrollutvalet pålagt å rapportera tilsvarande til kommunestyret, som fattar endeleg vedtak knytt til rapporten. . Med mindre kommunestyret vedtar spesielle føresegn for når og korleis denne rapporteringa skal gå føre seg er det opp til kontrollutvalet å finna form og frekvens for dette. I tråd med tidligare praksis vil kontrollutvalet vidareføra ei fortløpande rapportering til kommunestyret etter kvart gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt.

## **6. OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGS-REVISJON**

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyrets vedtak i samband med behandling av rapport om forvaltningsrevisjon vert følgt opp.<sup>1</sup> av administrasjonen. Det skal også rapporterast om tidligare saker som etter utvalets meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Rapportering til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon vil skje gjennom oversending av enkeltsaker til orientering.

## **7. RULLERING AV PLANEN**

Kontrollutvalet vil be kommunestyret i Klepp om å delegera til kontrollutvalet mynde til å oppdatera Plan for forvaltningsrevisjon. Når kontrollutvalet føretek endringar/oppdateringar av planen vert planen sendt til kommunestyret til orientering.

[Tilbake til innkalling](#)

---

<sup>1</sup> Forskrift om kontrollutvalg § 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter



**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800160  
Arkivkode : E: 285  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 26 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

## **REVISORS UAVHENGIGHETSERKLÆRING 2012**

### **Bakgrunn**

Oppdragsansvarlig revisor skal årleg og elles ved behov gi ei skriftlig eigenvurdering til kontrollutvalet om oppdragsansvarlig revisors uavhengighet (Forskrift om revisjon § 15).

Ifølge Kommunelovens § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisors nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisors uavhengigheit og objektivitet. I tillegg seier forskriftas §§ 13 og 14 noko om kva for krav som skal stillast til at revisor skal vera uavhengig, og kva for avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

### **Saksutredning**

Sekretariatet har mottatt vedlagte erklæring frå revisor, som er ei eigenerklæring om revisors uavhengigheit i forhold til Klepp kommune. Iflg. kommentarar til forskrift om revisjon (vedl. 2 til Rskr. H-15/04) gjeld kravet til uavhengigheit og objektivitet både revisor og revisors medarbeidarar, men bestemmelsane om dokumentasjon gjelder som nemnt i erklæringa bare oppdragsansvarlig revisor. Det er også nemnt i same vedlegg til rundskrivet at oppdragsansvarlig revisor som eit minimum skal gi ei årlig skriftlig eigenvurdering til kontrollutvalet om sin uavhengigheit.

Erklæringa gis på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagte uavhengighetserklæringa frå oppdragsansvarlig revisor i Klepp kommune til orientering.**

SANDNES, 24.08.2012

Wencke S. Olsen  
Skr.leder

### Vedlegg:

Revisors uavhengighetserklæring 2012

[Tilbake til innkalling](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800109  
Arkivkode : E: 151  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 27 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013. KONTROLL-  
UTVALETS BUDSJETTFRAMLEGG**

**Bakgrunn:**

Forskrift om kontrollutvalg på legg ut valet ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettet skal omfatte alle utgifter forbundet med kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalets budsjettvedtak skal i høve til forskrifta legges fram for kommunestyret i forbindelse med at kommunens samla budsjett for 2013 skal vedtas. Kontrollutvalets forslag kan ikkje endrast av administrasjonen<sup>2</sup>.

Kontrollutvalets ansvar for utarbeiding av eget budsjettforslag inneber også eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

**Saksutredning:**

Kommunane er pålagde både å ha eit kontrollutval, ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor kun *lovpålagte oppgåver*.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt: Utgifter til kontrollutvalet sitt arbeid (godtgjersle, kurs- og reiseutgifter m.m.), revisjon og sekretariat.

***Kontrollutvalet sine utgifter***

Kontrollutvalets utgifter er godtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Sekretariatet har ikkje fått melding frå kommunen om auka godtgjersle til politikarane, slik at denne posten ikkje er foreslått endra. Øvrig forslag er ikkje foreslått endra i forhold til fjorårets budsjett.

***Sekretariat***

Kommunen har inngått avtale om kjøp av tenester frå Rogaland Kontrollutvalgsekretariat IS. Avtalen går ut 31.12.2012, og er inne i siste opsjonsåret. Tenesta må ut på anbod i løpet av hausten 2012. Budsjettet er sett opp med forventa kostnad i forhold til eksisterande løysing, men kan måtte endrast dersom kommunen vel ei anna løysing.

Sekretariatet har ansvar for saksutgreiing, sekretariatsarbeid, arkivering og all øvrig administrativt arbeid knytt til kontrollutvalet si verksemd. Kommunen betaler timepris for dette arbeidet, som i flg. avtale skal justerast årlig i høve til KS sine anbefalingar m.o.t. løns- og prisjustering i kommunane. Det er denne gongen kun foreslått ei mindre justering i forhold til budsjett for 2012.

<sup>2</sup> Jfr. bl.a. Kontrollutvalgsboka s. 25 m/referanser

### **Revisjon**

Kommunen har inngått avtale om kjøp av tenester frå revisjonsfirmaet Deloitte AS. Denne avtalen går og ut 31.12.2011, men har to års opsjon (1+1 år). Det er gitt tilbakemelding om at man ønskjer å nytta seg av de nye opsjonene, og kommunen vil i 2013 derfor være inne i det siste opsjonsåret. Revisjonstenestene må derfor ut på anbod i løpet av 2013.

Budsjettet omfattar i tillegg utgifter til valgrønning, økonomisk revisjon og omskompensasjon, attestasjonar og forvaltningsrevisjon i høve til planar vedtatt av kommunestyret

Revisor opplyser at det ikkje ser ut til å vera trong for å auka budsjett for 2013 i forhold til budsjett for 2012, slik at fjorårets budsjett derfor stort sett er vidareført med ein liten reduksjon på 2.000 kr.

### **Oppsummering - samla budsjettforslag**

Det er ikkje foreslått auke i budsjett for 2013 sett opp mot budsjettet for 2012, noko som i realiteten då er ein budsjettnedgang, då det er under løns- og prisvekst i perioden.

Forslag til

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Klepp tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2013 på i alt kr. 819.000,- ekskl. mva.
2. Kontrollutvalets budsjettforslag skal leggjast fram for kommunestyret i samband med budsjettbehandlingen, jfr. Forskrift om kontrollutvalg § 18.

SANDNES, 28.08.2012

Wencke S. Olsen  
sekretariatsleder

#### Vedlegg:

Budsjettoversikt

[Tilbake til innkalling](#)



## KLEPP KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Budsjett for kontroll og tilsyn 2013 (revisjon og kontrollutval) \*)

### Ansvar 1200 Teneste 1002: Kontrollutval

Art		Vedtatt budsjett		Kontrollutvalets
		For 2012	Rekneskap 2011	Budsjettforslag 2013
1080	Godtgj. folkevalde	95 000	74.878,28	95 000
1099	Arbeidsgiveravgift	14 000	10.557,90	14 000
1100	Kontorutgifter		1.750,00	
1150	Oppl�ring/kurs	14 000	1.700,00	15 000
1160	Reiseutgifter og diett	1 000		2 000
1370	Kj�p tenester andre (sekretariat)	150 000	136.368,-	150 000
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon			
	Brutto driftsutgifter	274 000	225 254,18	276 000
1729	Komp. moms, p�l�pt i driftsregnskapet			
	<b>Netto driftsutgifter ansvar 1200</b>	<b>274 000</b>	<b>225.254,18</b>	<b>276 000</b>
<b>Ansvar 1100 – Teneste 1010 Revisjon</b>				
Art				
1146	Fordelte fellesutgifter	15 000	18.096,98	15 000
1352	Revisjon rekneskap/attest.	330 000	330.769,80	328 000
1356	Forvaltningsrevisjon	200 000	86.057,00	200 000
1370	Kj�p av tenester fr� andre			
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon			
	Brutto driftsutg.	545 000	434.923,78	543 000
1729	Komp. moms, p�l�pt i driftsregnskapet			
	<b>Netto driftsutgifter ansvar 1100</b>	<b>545 000</b>	<b>434.923,78</b>	<b>543 000</b>
<b>Samla budsjett for kontroll og tilsyn</b>		<b>819 000</b>	<b>660 177,96</b>	<b>819 000</b>

\*) Alle tall eks. mva

Arkivsak : 200800124  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 28 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

## **PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL**

### **Bakgrunn:**

Forskrift om kontrollutvalg § 13 føreset at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeider ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret sjølv, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden. Planperioden går eitt år ut over kommunestyreperioden, då ny plan ikkje vil bli vedtatt før i 2016.

### **Saksutredning:**

Plan for selskapskontroll legger denne gangen opp til at det gjennomføres eit overordna prosjekt i perioden som gjennomgår kommunes eigarskap i alle selskap, og vil derfor skilja seg noko frå måten selskapskontroll har vært gjennomført på tidligare, der det kun har vært gjennomgang av enkeltelskap knytt til KL § 80<sup>3</sup>. Det er imidlertid den totale gjennomgangen av forvaltninga av kommunens interesser i selskap m.m. (KL § 77.5) som er den obligatoriske delen av selskapskontrollen.

Ein eventuell gjennomgang av enkeltelskap der det kan gjennomførast forvaltningsrevisjon i høve til KL § 80 vil følgja som eigne prosjekt på eit seinare tidspunkt. Slike prosjekt vil i så fall bli gjennomført samarbeid med øvrige eigarar.

Sekretariatet har vært i kontakt med kommuneadministrasjonen når det gjeld oversikt over aktuelle selskap. Dersom kontrollutvalet har forslag til endringar i planen, vil desse bli innarbeidd i planen før den vert vidare send kommunestyret for sluttbehandling.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i denne saka.

Forslag til

### **VEDTAK:**

- Kommunestyret i Klepp vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyreperioden.
- Evt. oppdatering av planen i perioden vert delegert til kontrollutvalet

---

<sup>3</sup> I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

SANDNES, 15.08.2012

Wencke S. Olsen

Vedlegg:  
Plan for selskapskontroll

[Tilbake til innkalling](#)

Planperiode:  
2012 – 2016

# Plan for selskapskontroll Klepp kommune

Vedtatt av kommunestyret [Dato]



Rogaland Kontrollutvalgsekretariat IS

## Innholdsliste

Innholdsliste .....	2
Innleiing .....	3
Avgrensing – organisasjonsformer som fell heilt utanfor planen .....	3
Avgrensing – spesielle organisasjonsformer .....	3
Selskapskontrollens innhald og formål .....	4
Obligatorisk eigarskapskontroll.....	4
Formål med eigarskapskontrollen: .....	5
Status for Klepp kommunes eigarskapsmelding/eigarstrategiar .....	5
Utføring av eigarskapskontrollen/prioritering .....	6
Forvaltningsrevisjon i selskaper .....	6
Formål med forvaltningsrevisjon i selskap.....	7
Gjennomføring av forvaltningsrevisjon i selskap/prioriteringar .....	7
Selskap som fell inn under obligatorisk eigarskapskontroll .....	8
Selskap der det kan gjennomførast frivillig forvaltningsrevisjon.....	8



## Innleiing

Kommunane har i fleire år valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, stiftelsar ol, for å løysa ulike kommunale oppgåver. Utviklinga synes å fortsetta i retning av auka bruk av fristilte organisasjonsformer. Dette gjer at organiseringa av den kommunale verksemda blir mer kompleks og fragmentert, og inneberer nye utfordringar både når det gjeld styring, kontroll og tilsyn.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommuneloven (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for *”å påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper mm”*<sup>1</sup>. Bestemmelsen må sjås i samanheng med bestemmelsen om kontrollutvalets og revisors innsynsrett i selskap som er heleigde av kommunar<sup>2</sup>. Nærmare bestemmelser om korleis kontrollutvalet skal utøva dette ansvaret er omskrive i *kontrollutvalgsforskriften*<sup>3</sup>.

Det er kontrollutvalet som ifølge KL har ansvar for å sjå til at det vert gjennomført selskapskontrollar. I dette ligg det at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei selskapskontrollane som etter planen skal gjennomførast. Det er kommunestyret sjølv som vedtar planen. Planen gjeld for kommunestyreperioden 2011 – 2015, eller til ny plan ligg føre.

Det er viktig å vera merksam på at den obligatoriske og lovpålagte delen av selskapskontrollen er ein kontroll av kommunen og kommunens forvaltning av sine eigarinteresser, ikkje ein kontroll av selskapet. Kontroll av selskapet er eit frivillig høve i spesielle typar selskap, sjå nærmare i avsnittet *”Forvaltningsrevisjon i selskap”*.

## Avgrensing – organisasjonsformer som fell heilt utanfor planen

Enkelte selskapsformer er oppretta innafor kommunen, der kommunestyret sjølv er eigarorgan. I desse selskapa har kontrollutvalet fullt innsyn etter kommunelovens bestemmelser og kan derfor gjennomføra forvaltningsrevisjon på lik linje som for andre verksemder i kommunen. Desse organisasjonsformene må derfor tas med i plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjeld:

- kommunale føretak (KF)<sup>4</sup>,
- interkommunalt samarbeid, som ikkje er egne rettssubjekt<sup>5</sup>,
- vertskommunesamarbeid<sup>6</sup>.

## Avgrensing – spesielle organisasjonsformer

Interkommunale samarbeid som er egne rettssubjekt, har fram til nå ikkje vore omfatta av kontrollutvalets innsyn etter § 80. Det er nå sendt lovforslag til Stortinget (Prop. 119L 2011/2012),

---

<sup>1</sup> Kommunelovens (KL) § 77 nr. 5.

<sup>2</sup> Innsynsretten er regulert i KL § 80, og omfatter Interkommunale selskaper (IKS) og aksjeselskaper som er helt ut eid av kommuner og fylkeskommuner. Det er for tiden et lovforslag under behandling der Interkommunale samarbeid etter KL § 27 og som er egne rettssubjekter skal tas med i § 80. I selskaper som er deleid av kommuner og fylkeskommuner (dvs. med private eller statlige eierinteresser) kan innsynsrett avtales.

<sup>3</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.04 har et eget kapittel 6 som omhandler selskapskontroll.

<sup>4</sup> Kommunale foretak er omhandlet i KL kapittel 11.

<sup>5</sup> Interkommunalt samarbeid, som ikke er egne rettssubjekt, er omhandlet i KL § 27

<sup>6</sup> Vertskommunesamarbeid er omhandlet i KL § 28.

der disse vert foreslått tatt inn i § 80. Det gir kontrollutvalet fullt innsyn gjennom forvaltningsrevisjon også i slike selskap. Oversikten over desse selskapa er tatt med i planen under føresetnad av at dette lovforslaget vert godkjent av Stortinget.

Stiftelsar er ein organisasjonsform som er sjølveigande, og har derfor formelt ikkje eigarar som kan ha direkte styring med stiftelsen. Heller ikkje stiftaren har rettslig sett slikt styringshøve. Eit vedtak fatta i stiftelsens styre er endelig og kan ikkje gjerast om av eit kommunalt organ. En kommunal stiftar kan leggja rammer for stiftelsens verksemd ved fastsetting av stiftelsens vedtekter<sup>7</sup>, men dette må skje når vedtektene vert formulert. Det kan vera ein krevjande prosess å endra vedtektene på eit seinare tidspunkt. På grunn av det avgrensa høvet kommunen har for styring og kontroll, bør kommunestyret og kontrollutvalet vera spesielt merksame på bruk av denne organisasjonsforma.

Med mindre kommunen har lagt inn rammer for stiftelsen vedtekter skal stiftelsane ikkje inn i plan for selskapskontroll.

## Selskapskontrollens innhald og formål

Kontrollutvalet er pålagt oppgåva med å sjå til at det vert gjennomført selskapskontrollar. Dette inneber at kontrollutvalet skal laga plan for selskapskontrollar som skal kommunestyret skal vedta. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei selskapskontrollane som skal gjennomførast iht. den vedtekte planen.

I følgje regelverket består selskapskontrollen av to element: obligatorisk eigarskapskontroll og eventuell forvaltningsrevisjon i selskapet, som er valfri.

## Obligatorisk eigarskapskontroll

*Obligatorisk eigarskapskontroll* – består i å sjå på korleis kommunens eigarinteresse i selskapet vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyrets vedtak og føresetnader. Kontrollen omfattar alle selskap der kommunen har eit eigarskap. Denne kontrollen går i liten grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at det er rutinar for styrets rapportering til selskapets eigarorgan.

Eigarskapskontrollen omfattar følgjande:

- kontroll ved selskapsetableringa
- kontroll av kommunestyret har etablert tydelige føringar for eigarskapa sine
- kontroll av at kommunen har rutinar for å følgje opp og evaluerer eigarinteressene sine (f. eks. eigarskapsmelding, overordna eigarskapsstrategiar og generelle rutinar)
- kontroll av at den som tek vare på kommunens eigarinteresse opptrer i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader (forvaltninga av kommunens eigarinteresser) (Eit element er spørsmål til alle eigarrepresentantane i dei enkelte selskapa kommunen eig)

---

<sup>7</sup> NOU 1995:17, kap. 5.4.

## Kva som er omfatta av eigarskapskontrollen

Følgjande selskap/organisasjonsformar er omfatta av eigarskapskontrollen:

1. Interkommunale selskap etter IKS-lova
2. Aksjeselskap som er heileigd av kommunale aktørar
3. Aksjeselskap (AS/ASA) deleigd av kommunale aktørar
4. Samvirkeføretak
5. Stiftelsar dersom innsyn er vedtatt
6. Interkommunalt samarbeid etter kommunelovens § 27 som er eige rettssubjekt

### Formål med eigarskapskontrollen:

Hovudformålet med *eigarskapskontrollen* er å kontrollera om den som tek vare på kommunens eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Dette omfattar:

- Sjå til at kommunen har etablert tydelige føringar for eigarskapa sine. Føringane bør vera skriftlig dokumentert f.eks. gjennom eigarskapsmelding og eventuelt konkrete eigarstrategiar for det enkelte selskap.
- Sjå til at kommunen har etablert rutinar for å føra kontroll med sine eigarinteresser i selskap. Dette gjeld både oppfølging og evaluering av eigarinteressene.
- Sjå til at det er etablert skriftlige rutinar for kommunestyrets oppfølging av kommunens eigarrepresentant, og at desse vert etterlevd. Rutinen bør omfatta drøftingar med eigarrepresentant i forkant av eigarmøte og rapportering til kommunestyret. Kommunen bør også ha etablert rutine for opplæring av eigarrepresentantane
- Sjå til at eigarrepresentanten tek vare på kommunens interesser i selskapet i tråd kommunestyrets vedtak og føresetnader, nedfelt i ovannemnde dokumentasjon.
- Sjå til at eigarorganet i selskapet har etablert gode rutinar for skriftlig kommunikasjon mellom eigarorgan og styret i selskapet.

Både i IKS- og aksjelovgivning er styret ansvarlig for selskapets forretningsmessige disposisjonar. Selskapskontrollen skal ikkje omfatta kontroll av styres arbeid, men fokusera på korleis eigar opptrer i selskapsorgana (representantskap eller generalforsamling).

### Status for Klepp kommunes eigarskapsmelding/eigarstrategiar

Klepp kommune har tidligare utarbeidd eigarskapsmelding/oversikt over kommunens eigarskap i selskap med formål, økonomiske oversikter m.m.. Denne samt noter i forbindelse med årsrekneskapet med oversikt over kommunens eigarskap er nytta som grunnlag for delar av denne planen, samt ved utarbeiding av vedlegg med oversikt over kommunens eigarskap i selskap.

## Utføring av eigarskapskontrollen/prioritering

Obligatorisk selskapskontroll bør gjennomføres samla for alle selskapa som Klepp kommune deltar i. Dette omfattar også selskap der det ikkje er aktuelt å gjennomføra forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontrollen bør gjennomførast minst ei gong i valperioden. I tillegg bør kontrollutvalet følgje med i endringar i eigarskapsmelding og eigarstrategi for det enkelte selskap som kommunen er medeigar i. Dersom det skjer større endringar bør kontrollutvalet vurdere om eigarskapskontrollen må gjerast helt eller delvis på ny. Av budsjettmessige omsyn bør eigarskapskontrollen gjennomførast i løpet av to budsjettår. Kontrollutvalet prioriterer derfor

- **Obligatorisk eigarskapskontroll av Klepp kommune vert gjennomført i 2013/2014.**

## Forvaltningsrevisjon i selskaper

*Forvaltningsrevisjon i selskap* er eit frivillig tillegg som kontrollutvalet kan velja å leggja inn i selskapskontrollen. På same vis som med ordinær forvaltningsrevisjon, skal forvaltningsrevisjon i tilknytning til selskapskontroll bygga på risikoanalyse og vurdering av vesentlighet, og bør om mulig tas inn i plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon i selskapet kan bare gjennomførast dersom kommunen(e) er sikra innsynsrett gjennom KL 80 eller eigen avtale om innsyn som er vedtektsfesta. Dersom innsynsretten ikkje er sikra vil ein forvaltningsrevisjon bare kunne omfatte ei sammenstilling av opne kjelder.

Frivillig forvaltningsrevisjon omfattar *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetningar* (kontroll av aktiviteten i selskapet)

Forvaltningsrevisjon skal utføres i medhald av kap.3 i forskrift om revisjon og i høve til god kommunal revisjonsskikk. Her inngår bl.a. risiko og vesentlighetsvurderingar som en viktig del.

Forvaltningsrevisjon i selskapa kan bare utførast i selskap der kontrollutvalet har innsynsrett. Dette gjeld i første rekke selskap som er nemnt i KL § 80, som i følgje KRD er uttømmende. Dei selskapa som er nemnt her er interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunale aktørar. I tillegg ligg det nå føre lovforslag om å ta inn §27-selskap som er eigne rettssubjekt.

I annan rekke kommer selskap som ikkje er nemnt i § 80 der kommunen gjennom vedtektene i selskapet har sikra kontrollutvalet innsyn.

For alle andre selskap vil kontrollutvalet bare kunne gjera forvaltningsrevisjon basert på opne kjelder.

Forvaltningsrevisjonar i selskap bør ideelt sett tas med i plan for forvaltningsrevisjon, men praktiske årsaker kan medføra at dette ikkje er praktisk mulig. Ein viktig grunn til dette er at grunnlaget for å gjera ei vurdering om behov for forvaltningsrevisjon i eit selskap vil normalt koma i kjølvatnet av ein eigarskapskontroll.

## Formål med forvaltningsrevisjon i selskap

Formålet med forvaltningsrevisjon i selskap kan vera:

1. Sjå til at selskapet opptrer i samsvar med eigaranes mål og strategiar med selskapet. Herunder at selskapet ikkje startar opp aktivitetar utan at dette er klarert med eigarane, evt. i vedtektene.
2. Sjå til at selskapet driver i tråd med regelverk som gjeld for deira verksemdsområde, samt generelt regelverk for kommunalsektor i den grad desse er aktuelle for selskapet.
3. Sjå etter om selskapet har nødvendige produktivitet og effektivitet og måloppnåing.

## Gjennomføring av forvaltningsrevisjon i selskap/prioriteringar

Ut frå den praksis som har etablert seg i Rogaland vil det vera ein av dei største eigarane som vil ta initiativ til bestilling slike forvaltningsrevisjonar. Klepp kommune er ikkje største eigar i nokon av dei aktuelle selskapa, bortsett frå i Klepp Energi AS, der kommunen er eineigar. Når ein av dei største eigarane har gjort bestillinga vil dei andre få tilbod om å vera med på forvaltningsrevisjonen. Dette for at det skal bli lågast mulig kostnad for kommunane og minst mulig belastning for selskapa. Det er derfor ikkje føreslått prioritering av aktuelle selskap for forvaltningsrevisjon i planen bortsett i frå for

- **Klepp Energi AS**

Her vil kontrollutvalet prioritera å gjennomføra forvaltningsrevisjon i perioden.

# Oversikt over Klepp kommunes eigarskap i selskap

## Selskap som fell inn under obligatorisk eigarskapskontroll

### Aksjeselskap (AS)

Klepp Energi AS  
Lyse Energi AS m/offentlig heleide datterselskaper  
Nord-Jæren Bompengeselskap AS  
Jæren Industripartner AS  
Allservice AS  
Forus Industri AS  
Fagforum for Mat og Drikke AS

### Interkommunale selskap (IKS)

Interkommunalt arkiv i Rogaland (IKA) IKS  
IVAR IKS  
Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS

### Interkommunale samarbeid (§ 27)

Jæren Friluftsråd  
Jæren Symfoniorkester

### Stiftelser:

Jærmuseet  
Jæren Produktutvikling  
Rogaland Arboret  
Funkishuset

### Andre

Greater Stavanger  
Region Stavanger BA  
Vinterlandbruksskolen  
Foreningen Norden  
Nordsjøvegen  
Lyefjell Avlastingsheim  
Myrsnibå Barnehage AL  
Markå Barnehage BA  
Biblioteksentralen AL

## Selskap der det kan gjennomførast frivillig forvaltningsrevisjon

### Aksjeselskaper (AS)

Klepp Energi AS  
Lyse Energi AS m/dotterselskap  
Nord-Jæren Bompengeselskap AS  
Jæren Industripartner AS

### Interkommunale selskap (IKS)

Interkommunalt arkiv i Rogaland (IKA) IKS  
IVAR IKS  
Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS

### Interkommunale samarbeid (§ 27)

Jæren Friluftsråd  
Jæren Symfoniorkester

[Tilbake til innkalling](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b>
---	-------------------------------	-----------------------

## **FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2013**

### **Bakgrunn:**

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (5-6 møter pr. år) er det sett opp forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2013. Møta vil som før holdast kl. 16.00 på torsdagar. Det er lagt inn eit ekstra møte hausten 2013. Dette kan avlysast dersom det ikkje er saker til dette møtet/evt. kombinerast med møte med gruppeleiarane i forkant av eit kommunestyremøte.

### **Saksutredning:**

På møtet om våren behandlar alltid kontrollutvalet kommunens årsmelding og rekneskap. I følgje forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er behandla i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt behandling av årsmelding og rekneskap i formannskapet. Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gitt beskjed om dette så snart det er kjent.

Forslag til

### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2013:

<b>MØTE</b>	<b>TIDSPUNKT</b>	<b>MERKNADER</b>
Torsdag 21. februar	Kl. 16.00	
Torsdag 18. april	Kl. 16.00	<i>Kan bli endra</i>
Torsdag 30. mai	Kl. 16.00	
Torsdag 5. september	Kl. 16.00	
Oktober 2013	Kl.16.00	<i>Evt. møte m gruppeleiarar</i>
Torsdag 5. desember	Kl. 16.00	

SANDNES, 27.08.2012

Wencke S. Olsen  
Sokr.leder

[Tilbake til innkalling](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 06.09.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 30 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

## **STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2012**

### **Bakgrunn:**

Det vert lagt fram orienterings sak til kvart møte med oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt, selskapskontrollar og evt. andre prosjekt/utgreiingar som er bestilt av kontrollutvalet.

Oversikta viser kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden.

### **Saksutredning:**

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Kontrollutvalet er og delegert mynde til å fråvika planen i spesielle høve. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyreperioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp. Nye planar må vera ferdigstilt og vedtatt av utvalet innan 31.12.2012.

Forslag til

### **VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr september 2012 orientering.](#)

SANDNES, 30.08.2012

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:  
Statusoversikt

[Tilbake til innkalling](#)





## Kontrollutvalet i Klepp

### Oversikt over status prosjekt og kontrollar – september 2012

#### *Vedtekne prosjekt under arbeid:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status/forventa ferdigstilt til</i>
<i>Skule/opplæring</i>	14. juni 2012	216	<i>Innan 2012</i>
<b><i>Selskapskontrollar</i></b>			
Interkommunalt arkiv IKS	19.04.2012	> 10 t	2012

#### *Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i>	<i>Status</i>
<b><i>Selskapskontrollar</i></b>					
Nord-Jæren Bompengeselskap AS	02.12.10	24.11.2011		2012	
Brannvesenet i Sør- Rogaland IKS	02.12.10	16.06.11	20.06.11	2012	

#### *Prosjekt som er ferdigbehandla i perioden:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Behandla i kontrollutv.</i>	<i>Oppfølging behandla:</i>	<i>Sluttbehandla/ merknadar:</i>
Prosjektstyring	22.04.2010	14.04.2011	14.06.2012	<i>Ferdigbehandla</i>

[Tilbake til innkalling](#)